

# Årsmelding 2022

## Hareid sokn



Godkjent av Hareid sokneråd 14.02.2023 sak SR 11/23

# Innhald

1.	Saksliste årsmøtet .....	3
2.	Frå soknepresten .....	4
3.	Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd .....	6
3.1.	Midt i alt som er .....	7
3.2.	Ei nærverande folkekyrkje i krisetider .....	8
3.3.	Stor spennvidde i arbeidet .....	9
3.4.	Innflytting nytt kyrjekontor .....	10
3.5.	Grøn kyrkjelyd & Miljøfyrtårn .....	11
3.6.	Prosjekt: Kyrkja vår - samla plan for arbeidet i soknet .....	12
3.7.	Sensasjonell nyheit om altertavla .....	13
3.8.	Frivilligheita sitt år - 2022 .....	14
3.9.	Tilsette og frivillige .....	15
3.10.	Soknerådet sine underutval 2022 .....	16
4.	Kyrkjeleg årsstatistikk .....	17
4.1.	Aldersfordeling for innbygarane i Hareid kommune .....	18
4.2.	Medlemskap DnK .....	18
4.3.	Gudsteneste- og nattverd deltaking .....	19
4.4.	Dåp .....	19
4.4.	Konfirmasjon .....	20
4.5.	Ekteskapsinngåing .....	20
4.6.	Gravferd .....	21
4.7.	Inn- og utmeldingar DnK .....	21
4.8.	Digitale aktivitetar i 2022 .....	22
5.	Gudstenestelivet .....	23
6.	Diakoniarbeidet .....	25
7.	Kyrkja og kyrkjegarden .....	28
7.1.	Kyrkja .....	28
7.2.	Kyrkjegarden .....	31
8.	Misjon & misjonsprosjektet .....	34
9.	Kyrkjemusikalsk arbeid .....	36
9.1.	Hareid Barnekantori .....	38
10.	Undervisning og trusopplæring .....	40



10.1.	Tiltak i trusopløringa med deltakarovesikt .....	42
11.	Hareid frivilligsentral .....	43
11.1.	Oppgaver .....	45
11.2.	Aktivitetar .....	46
12.	Kyrkjelydshuset .....	47
12.1.	Nytt kyrkjekontor - alt under same tak .....	48
12.2.	Arkitekt-teikna av lokalkjente .....	48
12.3.	Intern byggenemnd involvert i prosessen .....	48
12.4.	Inntektbringande aktivitetar .....	49
12.5.	Renovering av kyrkjelydshuset .....	49
12.6.	Gjevarteneste .....	51
12.7.	Bilder frå bygginga av nytt kyrkjekontor .....	52
13.	Økonomi: Rekneskap og budsjett .....	53
14.	Kommunikasjon & kontakt .....	55
14.1.	Kyrkjesida i lokalavisa .....	55
14.2.	Heimeside og sosiale media .....	56

# 1. Sakliste årsmøtet

Førebels rekneskap og budsjett vert lagt fram i årsmøtet 11. mars 2023.

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2022 for Hareid sokn
3. Førebels rekneskap 2022
4. Budsjett 2023
5. Orienteringar



## 2. Frå soknepresten

'Årets nyord' har blitt ei kåring som gjerne tek tempen på tida. Speglar kva som rører seg blant folk. Like før nyttår hadde filosofen og forfattaren Kaja Melsom ei analyse av kva fjorårets nyord ber i seg. "Goblin modus" er ordet Oxford English Dictionary – verdas kanskje fremste ordbok – har kåra til ordet som fangar tidsånda. 'Goblin' er eit rampete småtroll frå folketrua, og ordet beskriv ei framferd der ein "utan skam gir blaffen i sosiale normer og forventningar".

I kronikken, som du kan lese på nrk.no, spør Melsom om det verkeleg er *meir skamløyse* vi treng. Rett nok er skamløysa lønsam for dei som skal ha konsumentane til å betale stadig meir for å skilje seg ut frå andre, for ho tek vek endå fleire moralske sperrer mot å følgje egne lyster.

Skamløysa tener òg til beste for dei som vil profitere på våre behov for stadfesting. 'Likes', merksemd og applaus via nettet tener som 'dop' på menneskehjerna og får det indre trollet vårt til å skrike etter meir, så stadig fleire grenser vert krenka i den jakta. Sjå berre korleis 'alt er lov' i jakta på kjendisstatus.

Eg møtte ved nyåret ei refleksjon frå ein av organistane i prostiet som eg plasserer i same landskapet: Det er ikkje noko problem å finne solistar i dag, men å få folk til å synge i kor, er mykje vanskelegare...

Eg er djupt takksam for at vi har mange gode solistar å samarbeide med. Men eg forstår refleksjonen dit at det i dag kan vere meir tiltalende å stå fram og skine, framfor å stå i ei samanheng der det er 'fellesskapen' som ber det heile.

Som kyrkje lever vi i spenningsfeltet 'Guds fokus på den einskilde', der vi alle skal få lov å kjenne at vi er verdfulle – og 'Guds fokus på fellesskapen'. Den tre-einige Gud er på sett og vis definert nett som 'fellesskapet' av Faderen, Sonen og Anden, og kvar gong Jesus viser omsorg for den einskilde, har det den dimensjonen at det fører menneska tilbake til fellesskapen. Den første vurderinga Skrifta gir av korleis mennesket finn seg til rette i skaparverket, er at Gud såg det ikkje var godt for mennesket å vere aleine. Difor er fellesskapen alltid eit mål. Sjølv dei som lengtar etter å 'skilje seg ut' eller å 'skine', treng ein fellesskap som kan sjå dei.





*Midt i alt som er: Vi ønsker å vere ei folkekyrkje som er til stade for bebuarane i Hareid kommune, både til kvardag og fest, i sorg og i glede. Ved å legge til rette våre ulike aktivitetar og kyrkjelege handlingar midt i alt som er, kan vi tilpasse oss der vi ser at det kan vere nødvendig. Slik må vi følgje med i samfunnsutviklinga for å vere ei truverdig kyrkje. Foto: Hareid sokn.*

Difor lyftar vi med frimod fram alt arbeid vi driv for skape- og opne fellesskapsmoglegheiter i bygda vår. Sjølv då samfunnet vart stengt ned, heldt vi fram med dette innanfor dei rammene som var moglege. For vi trur at dette er naudsynt motgift mot alle kreftene som dreg i anna retning.

Eller som Melsom lyfter fram – ei anna ordbok kåra "permakrise" til årets ord. Den varige kjensla av ustabilitet og usikkerheit knytt til opphopinga av katastrofar som har med vårt skamlause overforbruk og stadig meir narsissistiske leiararar å gjere: krigen i Ukraina, klimakrisa og politisk uro i verda elles. I staden for å omfamne 'vår indre goblin', treng vi den sunne skamma som stoppar oss frå å gå amok i sjølvnyting og sjølvhevdning. Kloke ord frå Kaja Melsom.

*Hareid, februar 2023  
Lars Hartig-Tangedal  
-sokneprest i Hareid-*



### 3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd

Soknerådet er styringsorganet i vår kyrkjelyd og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Soknerådet vert valt kvart 4. år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Hareid kyrkjelege fellesråd, som har ansvar for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Hareid kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for dei tilsette, forutan prestane som prosten har ansvaret for.

#### Sokneråd/fellesråd:

Leiar	Ann Helen Grimstad Worren
Nestleiar	Bård Grimstad
Medlemer	Marit Øien Sæverud, Stein B. Karstensen, Hanna E. Langnes Moldskred, Sissel Seljebotn, Øyvind Grimstad, Kristoffer Indreeide Grimstad.
Varamedlemer	Kjersti Røyset Topphol, Georg Fabian Stordal, Laila Kristin Bjåstad, Jahn Kjell Fjørtoft, Marit Nora Pettersen.
Geistleg repr.	Soknepresten i Hareid
Geistleg vararep.	Soknepresten i Ulstein

#### I fellesrådet i tillegg:

Kommunal repr.	Ordfører, Bernt Brandal
Vara komm. repr.	Varaordfører, Annika Brandal

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er næraste overordna for prestane.

Hareid sokn får tilskot til kateket og trusopplærings-stilling. Tilskotet utgjer 50 % av lønnskostnadane til desse stillingane og arbeidet skjer etter ein godkjent plan.

#### Soknet har følgande underutval:

Arbeidsutval, administrasjonsutval, forhandlingsutval, diakoniutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval, undervisningsutval. Dei fleste av desse leverer eiga årsmelding.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2022 vore samla totalt 9 gongar.

Soknerådet har hatt 8 møte og handsama 36 saker. Fellesrådet har hatt 9 møte og handsama 41 saker. Fellesrådet/soknerådet hadde eit av møta digitalt (februar) via Google Meet grunna pandemien og restriksjonar. Møta er opne for tilhøyrarar.

#### **Årsmøte 2022**

Årsmøtet vart halde på kyrkjelydshuset laurdag 19. mars kl 16-18. Blitt ein tradisjon å halde årsmøte i samband med kulturdag på kyrkjelydshuset, til inntekt for kyrkjelydshuset. Ingen restriksjonar i høve pandemien. Totalt 42 personar på årsmøtet kl 16, men i forkant på kulturdagen frå kl 13 var det innom om lag 150 personar. Mykje aktivitetar med kafe, tombola, åresal, kiosk, ansiktsmaling, og underhaldning med Vi-koret og Barnekantoriet.

Starta med ein allsong på storskjem kl 16.



Vi hadde invitert prost Ingeborg Matre som heldt ei helsing innleiingsvis til årsmøtet. Ho hadde tatt del også på kulturdagen tidlegare på dagen. Ho rosa det gode arbeidet som gjerast på Hareid og gratulerte oss med kyrkjelydshus og snart nytt kyrkjekontor. Soknerådsleiaren ønska velkomen og presenterte årsmelding medan bilder frå året rulla på storskjema, og takka alle frivillige og stab som har bidrege gjennom året. Kyrkjevevja presenterte forenkla førebels rekneskap, budsjett og orienterte om komande nytt tilbygg for kyrkjekontor. Ferdig kl 16.45.

Mat og loddpause til inntekt for kyrkjelydshuset, før eit fint underholdningsinnslag med Jakob Sande-program. Sigmund Aksnes las dikt på imponerende vis utan manus, med orientering frå sokneprest Lars Hartig-Tangedal om Jakob Sande sitt liv og virke. Krydra med ulike song og musikkinnslag v/Vibeke Holstad og Ingmar Mork (song), Hege Holstad (tverrfløyte) og Ida Teige (flygel).

Trekking av loddbøker og lynlodd, før vi avslutta med ein allsong med tekst på storskjem og velsinginga v/soknepresten. Ferdig kl 18.30.

### 3.1. Midt i alt som er

Vi ønskjer å vere ei folkekyrkje som er til stade for bebuarane i Hareid kommune, både til kvardag og fest, i sorg og i glede. Sjølv om gudstenestene er viktige, er det å vere kyrkje i no-tida så mykje meir enn gudstenester. Ved å legge til rette våre ulike aktivitetar og kyrkjelege handlingar midt i alt som er, kan vi tilpasse oss der vi ser at det kan vere nødvendig. Slik må vi følgje med i samfunnsutviklinga for å vere ei truverdig kyrkje.



**Å SKAPE MØTEPLASSAR:** Å vere folkekyrkje midt i alt som er. Her frå juletreffesten på kyrkjelydshuset i romjula. Foto: Hareid sokn



## 3.2. Ei nærverande folkekyrkje i krisetider

**Å ta eit sosialt ansvar og løfte fram håpet:** Vi ønskjer å legge til rette for at alle kan vere deltaktige og kjenne seg verdsett i vår kyrkjelyd. I ein verden prega av både kriser, nød og bekymringar – ønskjer vi å ta eit sosialt ansvar å løfte fram håpet. Kyrkja er ein aktiv og viktig aktør som er med på å utvikle bygdekommunen vår til ein god plass å bu, vekse og leve. Med ein aktiv kyrkjelyd er kyrkja og kyrkjelydshuset med både kyrkjekontor og Frivilligsentral i bruk nesten kvar dag gjennom heile året - der vi bidreg med å skape møteplassar. Vi ivrar etter å samhandle og skape gode verdiar mellom mennesker, noko som bidreg til eit betre lokalsamfunn.

Å tilpasse og legge til rette er noko vi blei særskilt utfordra på gjennom koronapandemien som i to år (mars 2020-februar 2022) la strenge nasjonale rammevilkår for heile landet vårt for å unngå smitte. Frå februar 2022 opna landet opp igjen utan restriksjonar, og ei normaldrift kunne ta til igjen. Krigen i Ukraina (24.02.2022) prega også heile landet vårt og kyrkja tok del i beredskapen då flyktningar kom til Hareid. Sokneprest tok del på sjølv mottaksposten, og kyrkja tok aktivt del å administrere klesmottaket som blei oppretta på rekordtid, saman med Saniteten og Sørøyane Røde Kors. I dette arbeidet fekk vi med oss både frivillige og elevar frå ungdomsskulen si valfaglinje «Innsats for andre». Kyrkja inviterte også til ulike, tilrettelagte fellesskap både i kyrkja og på kyrkjelydshuset, desse samhandlingane gav fine opplevingar for alle partar.



**KLESMOTTAK:** Kyrkja administrerte klesmottaket i samarbeid med Saniteten og Sørøyane Røde Kors. I dette arbeidet deltok både frivillige og elevar frå ungdomsskulen si valfaglinje «Innsats for andre». Ingen kan drive ei folkekyrkje åleine, vi treng kvarandre. Foto: Hareid sokn



Efaringa med omorganisering og tilrettelegging gjennom to år, gav oss både utfordringar og nye innblikk. Sjølv med fysiske avstandskrav, kom vi kanskje tettare innpå kvarande – då vi oppdaga kva vi mista og kor viktig dei ulike møteplassane er for oss alle. Vi treng å sjå kvarandre og verte sett, difor la vi til rette for å kunne fortsette å gi tilbod både i fysiske møte og med digitale tilbod. Her måtte både stab og sokneråd vere kreative, offensive og modige for å kunne vere folkekyrkje i krisetid. I ei tid der mange stengte ned, strekte dei tilsette og frivillige seg endå lenger for å legge til rette for at born og unge, vaksne og eldre skulle få det kyrkjelege tilbodet og så langt som mogleg unngå einsemd og isolasjon.

Samspel, gjensidig behov for kvarandre mellom frivillige, råd, utval og tilsette, og samspel mellom leiarar og medarbeidarar har kome til syne nok ein gong. Ønskjer å rette ein spesiell takk til staben som har bidrege og utretta eit godt og kreativt arbeid i alle ledd i verksemda vår, og ein stor takk alle frivillige som har bidrege gjennom nok eit år.

**Vi treng dokke alle - for ingen kan drive ei folkekyrkje eller ein organisasjon åleine!**

### 3.3. Stor spennvidde i arbeidet

Hareid har eit særst godt tilbod for born og unge frå 0-18 år. Vi tenkjer at alle har ein plass i fellesskapet, kvar med si tru og sin tanke. Kvar med sine evner og anlegg, der vi har som overskrift «Med rett til å vere sett og verdsett». Vi ynskjer å gå saman med borna og ungdommen på trusvegen med alt det inneber av utfordringar, gleder og oppgåver. Kvart sokn i kyrkja i Norge skal ha ein plan med meir enn 300 undervisningstimar for born mellom 0-18 år. Alle som er døypte, får personleg invitasjon, men òg andre som vil kan sjølvst ta del. Dette har vi arbeidd etter sidan 2005.



**SMÅBARNSONG:** Eit tilbod for born frå 1-5 år, leia av Ulrike Hartig-Tangedal som frivillig. Dei har øving annankvar onsdag etter onsdagsmiddag på kyrkjelydhuset.



Kyrkja sitt kulturelle arbeid med born og unge høyrer med i kulturbygda Hareid. Med ulike songtilbod, som babysong, småbarnsong (1-5 år), VI-koret (5-8 år) og Barnekantoriet (frå 3. klasse og oppover), før Hareid KFUK/M sitt TenSing følger neste aldersgruppe med songtilbod.

I tillegg eig og driv Hareid sokn vår lokale frivilligsentral, eit viktig sosialt entreprenørskap i Hareid. Hareid Frivilligsentral er ein av dei eldste i landet der vi feira 30-årsjubileum i frivilligåret 2022. Dei fleste frivilligsentralane blir elles drivne av kommunane rundt om i landet. Frivilligsentralen har utvikla seg opp gjennom åra, og har saman med kyrkja eit godt omdøme og bidreg med mange lågterskeltilbod og aktivitetar som går føre seg både på dag- og kveldstid.

I vårt engasjement for å vere til stade og ha ulike tilbod for våre innbyggjarar, krev det areal som kan brukast parallelt med kyrkja. Tilbake i tid vart det difor starta arbeid med å få på plass eit kyrkjelydshus, som vart realisert 31.10.2019.

### 3.4. Innflytting nytt kyrkjekontor

Ei stor glad-sak på tampen av 2022 er at vi har fått heilt flunkande nye lokaler for kyrkjekontor. Det nye kyrkjekontoret er eit tilbygg til kyrkjelydshuset, så no er både kyrkjekontor, aktivitetsrom Frivilligsentralen og kyrkjelydshus under same tak. Tilbygget er blitt eit fint og symbolsk passende bygg for eit kyrkjekontor i sentrum og det var med stoltheit at soknet tok over kontorfløya og står no som eigar av heile huset.



**SNORKLIPPING & OPNING AV KYRKJEKONTOR:** Det var staseleg snorklipping ved ordførar Bernt Brandal på opningsfesten laurdag den 26. november 2022, der både aktørar og folk i bygda kunne kome å få sjå seg rundt i heile huset. Foto: Hareid sokn

### 3.5. Grøn kyrkjelyd & Miljøfyrtårn

Grøn kyrkjelyd er eit reiskap for lokale kyrkjelydar til å vere gode forvaltarar av skaparverket, og ein konkret måte å ta ansvar for skaparverket og vår neste på alvor. Å vere ein grøn kyrkjelyd går inn i kjerna av kva det vil seie å vere ein diakonal, misjonal kyrkjelyd og å leve i etterfølging av Kristus i praksis. Vern om skaparverket og kamp for rettferd er i tillegg viktige fokusområder innanfor diakoniplanen i Den Norske Kyrkje. Vi ønskjer å ta del i dette ansvaret og vil difor vere ein grøn kyrkjelyd.

Etter oppmoding frå biskop under bispevisitas i 2019, har soknerådet og staben kome fram til ulike lavterskeltak som kan nyttast i alt frå trusopplæring, gudstenester, i Frivilligsentralen, i underutvala og i administrasjonen sitt arbeid, m.m. Eksempel på dette er fokus på miljø og rettferd i forbønner, sortering av avfall, gjenbruk med eigen bruktbuikk, ENØK-prosjekt ved reovering av nytt varmesystem og golv i kyrkja som fekk ENØK-midlar grunna miljøvennlege løysingar, senking temperatur i kyrkje og kyrkjelydshus når bygga ikkje er i bruk, varmpumper som og styrast digitalt, feiringa av skaparverkets dag, innsamling til grønne prosjekt som Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, misjonsavtale i Thailand, barn- og unge i trusopplæringa er med på ulike miljøprosjekt i lokalsamfunnet - for å nemne noko.

Det tek ikkje nødvendigvis mykje tid og ressursar å vere ein grøn kyrkjelyd, men det krev bevisstheit – og det kan skape fellesskap på tvers av generasjonar og i alle delar av livet i vår kyrkjelyd. Å vere ein grøn kyrkjelyd er ein prosess, vi må alle starte ein plass, skape bevisstheit rundt korleis våre val påverkar neste generasjon og den verda vi lever i.

#### **Miljøfyrtårn & FN sine berekraftsmål**

Som grøn kyrkjelyd er Hareid sokn no sertifisert som Miljøfyrtårn. Miljøfyrtårn er ei nasjonal miljøsertifisering som blir drifta av Stiftinga Miljøfyrtårn. Stiftinga blei oppretta av sentrale organisasjonar i næringsliv og offentleg forvaltning i 2003. Stiftinga jobbar for at flest moglege små- og mellomstore verksemder i privat og offentleg sektor over heile landet skal bli Miljøfyrtårn-sertifisert. Å vere sertifisert som Miljøfyrtårn skal bidra til at ein reduserer si miljøbelastning, betrar arbeidsmiljø og oppnår konkurransefortrinn. Sertifiseringa skal vere basert på praktiske tiltak som gir reelle forbetringar.

Stiftinga samarbeider med kommunar og fylkeskommunar, lokalt næringsliv og offentlege verksemder for å bidra til utvikling av berekraftig lokalsamfunn.





**FN SINE  
BEREKRAFTSMÅL:**  
*Med å vere  
Miljøfyrtårn bidreg  
ein og til å oppnå  
fleire av FN sine  
berekraftsmål.*

### 3.6. Prosjekt: Kyrkja vår - samla plan for arbeidet i soknet

Hareid sokn har vore ein av to pilotar i Møre bispedøme (Hareid og Kristiansund), for utvikling av eit nytt planverktøy for Den norske kyrkja som heiter "Kyrkja vår - samla plan for arbeidet i soknet". Dette er eit landsdekkande prosjekt, eit digitalt verktøy med lokal oversikt over kyrkja sitt liv og virke gjennom året. Fint også som verktøy for å presentere kyrkja sitt arbeid for nyttilsette og nye sokneråd. Ikkje pålagt, men anbefalt. Prosjektgruppa som har jobba med dette hos oss er soknerådsleiar Ann Helen G. Worren, sokneprest Lars Hartig-Tangedal, kyrkjelydspedagog Barbro Landmark og ein representant frå soknerådet, Stein Karstensen. Våren 2023 vil ein kunne få tilgang til verktøyet og Møre bispedøme vil tilby kurs og vegleiing i høve lanseringa.



### 3.7. Sensasjonell nyheit om altertavla

Møbelsnekkar Michael Heng ved Stavanger Museum har funne ut at altertavla i Hareid kyrkje (frå 1666) ikkje er eit verk av Anders Smith, men av Pieter Neelsen (født 1607). Han heldt eit foredrag i Hareid kyrkje i regi Hareid kyrkjeakademi i november 2022. Her fekk vi høyre at initialane SA øvst på altertavla, tilhøyrer dronninga og kongen i Danmark (Norge på den tida). SA står for dronning Sofie Amalie, så er der også ein F, som ikkje er så lett å sjå, saman med eit 3-tal. Det står for kong Fredrik III.

Det var mellom anna vist til altertavla i Kinn kyrkje (1644), der Pieter Neelsen er kunstnaren – og denne altertavla har slående likskaper med altertavla vår i Hareid kyrkje. Denne Pieter er også representert i Ørskog kyrkje og i Leikong kyrkje. Michael Heng har tatt prøver og studert likskaper. Sjølv om Hareid-tavla er importert frå Stavanger, må altså denne Pieter Neelsen også ha vore her på Sunnmøre og arbeidd. Han var ein aktiv kunstnar i 40 år.

Korleis kunne Anders Smith få ein slik framheva plass i kunsthistorien? Uttrykket «nokon har fortalt noko....»

Her finn ein grunn til å tru at det var familien, som hadde framheva Smith si rolle meir enn det var dekning for. Michael Heng jobbar med ein forskingsarbeid der mellom anna dette er komen fram.

**ALTERTAVLA SIN LØYNDOM:** Michael Heng undersøkte detaljar i altertavla då han gjesta Hareid kyrkje i november 2022. Foto: Hareid sokn



### 3.8. Frivilligheita sitt år - 2022

#### **Dei frivillige er limet i eit lokalsamfunn!**

I heile Noreg vart frivilligheita feira på ulikt vis gjennom året. I kyrkjelyden vår er den frivillige innsatsen heilt avgjerande for mange av våre tiltak. Dei siste to åra som pandemien har pågått, har vi ikkje gjennomført alt slik som vi ønskja og gjerne skulle gjort. Men vi har tilrettelagt så godt det har latt seg gjere, tenkt nytt og kreativt – saman med frivillige kan vi skape gode aktivitetar og viktige møteplassar i vårt lokalsamfunn.

Frivilligheta sitt år var forankra i Regjeringen Frivillighetsmelding frå 2018. Då Kirkerådet i 2021 vedtok ei auka satsing på frivillighet, passa det perfekt for oss i kyrkja som gjerne vil feire og anerkjenne den enorme innsatsen som mange frivillige medarbeidarar gjer hos oss. Den norske kyrkja valte 12. juni 2022 som sin dag for frivillighet. Dette markerte vi også her på Hareid, med gratis frukost på kyrkjelydshuset (11/6) v/frivilligsentralen, Brukt & Billig, Lions og Saniteten. Dagen etterpå var det gudsteneste og salmekveld med mange frivillige krefter som vi heile året ønskjer å verdsette - som er sjølve limet i eit lokalsamfunn. Ei flott og verdig markering av frivilligåret 2022.



**SALMEKVELD:** Frivillige songkrefter frå ein av salmekveldane i 2022. Foto: Hareid sokn



Frå venstre: Kjersti R. Toppol, Dag Håland og Leidulv Ø. Grimstad frå 30 års-jubileet til Frivilligsentralen i 2022. Desse tre starta opp den første frivilligsentralen på Hareid. Til høgre: Saniteten er eit av fleire lag/organisasjonar som engasjerer seg i lokalsamfunnet. Foto: Hareid sokn

### 3.9. Tilsette og frivillige

#### **Med Hareid kyrkjelege fellestråd som arbeidsgjevar:**

Kyrkjevevjerje:	Bente Andreassen Pilskog 100%
Kantor:	Ida Teige 100%
Kyrkjelydspedagog:	Barbro Landmark 100%
Sekretær/medarbeidar i trusopplæring & kyrkjelydshus:	Eli-Sølvi Jønsson 100%
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.:	Anton Tonev 60 % fast, 40 % vikariat. 100 % fast f.o.m. 21.11.2022. (Jon Arnstein Haugen 80 %. Sjukemeldt 2021/2022, avslutta sitt arbeidsforhold 27.10.2022)
Dagleg leiar Hareid Frivilligsentral:	Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
Ekstrahjelp/vikarar:	Odd Lykstad, Anvor Sukka, Lidvar Grimstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel, Hallvard Grimstad, Marie Austrheim, Svenning Veiseth Ola Eide, Bachar Alaytam Ingvill Kirkebø, Bjørg Vartdal Hareide

#### **Med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:**

Sokneprest i Hareid	Lars Hartig-Tangedal, 100 %
Sokneprest i Ulstein	Margit Lovise Holte (delvis studiepermisjon i 2022)
Kappelan i Ulstein	Mirjam Håland Igland (permisjon frå 20.12.2022) Rolf Schanke Eikum (fungerande sokneprest) Leidulv Ø. Grimstad

#### **Frivillige i gudstenester:**

Klokkarar	Kjersti Røyset Toppol, Bjørg Vartdal Hareide, Inga Barstad, Ulrike Hartig-Tangedal.
Medhjelparar	Marit Øien Sæverud, Turid Engen, Hanna E. Langnes Moldskred, Cathrin Duweh.
Kyrkjevertar	Toril Sæter, Reidun Melhus, Hege Tretnes, Wenche Roppen, Gunmar Grimstad, Stein Karstensen, Marit Nora Pettersen, Ann Helen Grimstad Worren, Anvor Sukka, Bård Grimstad, Kari Janne Ringstad, Unni Apelseth.
Ansvar for lyd- og bilde	Arne Kåre Toppol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Kristoffer Indreeide Grimstad, Elling Bjåstad.
Blomar til gudstenestane	Judith Pilskog og Ingunn Mork Grimstad.

**I tillegg er det svært mange andre som også gjer ein verdifull innsats i og for kyrkjelyden vår. Soknerådet ynskjer å rette ein STOR TAKK til alle desse!**

*Hareid, januar 2023*  
*Ann Helen Grimstad Worren*  
*Soknerådsleiar*

*Hareid, januar 2023*  
*Bente Andreassen Pilskog*  
*kyrkjevevjerje*



## 3.10. Soknerådet sine underutval 2022

### **Arbeidsutval:**

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, Marit Øien Sæverud, sokneprest, kyrkjevevja (sekretær).

### **Administrasjonsutval:**

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, 1 representant frå dei tilsette er Heidi Pedersen Kvalsvik, kyrkjevevja (sekretær).

### **Forhandlingsutval:**

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, kyrkjevevja (sekretær).

### **Diakoniutval (m/kontakt i Kirkens SOS):**

Hanna Elisabet Langnes Moldskred (leiar), Hilde Frøysa Hareide, Kirsten H Valseth, Leidulv Ø. Grimstad, sokneprest, leiar i frivilligsentralen. Kontaktperson i Kirkens SOS: Marit Øien Sæverud, vara Laila Kristin Bjåstad.

### **Kyrkje- og kyrkjegardsutval:**

Kristoffer Indreeide Grimstad (leiar), kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar, Georg Fabian Stordal, Stein Karstensen, Torgeir Ringstad, kyrkjevevja.

### **Gudstenesteutval:**

Kjersti Røyset Topphol (leiar), Turid Engen, Elin Vassbotn Øvrelid, sokneprest, kyrkjelydspedagog, kantor.

### **Misjonsutval:**

Jahn Kjell Fjørtoft (leiar), Jorunn Vatne, Svanhild Giskødegård, Odd Lykstad, Eli Sølvi Jønsson.

### **Kyrkjemusikalsk utval:**

Bård Grimstad (leiar), Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Wenche Iren Roppen, kantor.

### **Undervisningsutval:**

Marit Øien Sæverud (leiar), Linn Urke, Laila Kristin Bjåstad, kyrkjelydspedagog.

### **Styret for Frivilligsentralen:**

**Frå Soknet:** Sissel Seljebotn (vara: Grete Røyset Bakken), Bjørg Vartdal Hareide (vara: Ragnhild Strømmegjerde), Øyvind Grimstad Gryt (vara: Odd Melhus)

**Frå Brukt og Billig butikken:** Elsa Bigset (vara: Torunn Haugen)

**Frå frivillige lag og organisasjonar:** Ulstein og Hareid Lions v/ Bjarne Sukka (vara: Kjartan Kvalsvik)

### **Verneombod (nytt f.o.m. 2022):**

Anton Tonev





## 4. Kyrkjeleg årsstatistikk

'Tilbake til normalen' har vore eit mantra etter korona-restriksjonane. Ikkje slik for alle, eller for alt ein gjorde før. Enten ein kjenner helsa ikkje er den same lenger, eller ein merker at ein ikkje finn heilt tilbake til den vande rytmen i det sosiale livet. Nokre erobrar arenaene att, medan andre kan streve med å ta steget ut.

Til dømes har nok gudstenestebesøk blitt råka for fleire. Når helsa har krevd smittevern og avstand, har det vore enklare å følgje gudsteneste via nettet. Det føyer seg inn i det mønsteret vi kjenner frå før: kyrkjelyden som benka seg framom radioen eller TV'n, var den største her til lands. At ein no kan følgje si eiga kyrkje på den måten, må seiast å vere ei velsigning. Ikkje minst for dei som av ulike grunnar ikkje kan møte fysisk i kyrkja, men som no kan 'ta del' likevel.

Om nokon av ulike årsaker følgjer oss på nett, der alternativet er 'ikkje noko' - er det mykje godt å kunne følgje gudstenestene på nett. Samstundes misser vi noko vesentleg om vi sluttar å møtast. Det er andlet til andlet at vi kan vere noko for kvarandre. Andlet til andlet kjenner vi at vi er mindre aleine. Andlet til andlet kan vi stadfeste for kvarandre at vi er verdfulle. Det er vanskelegare via ein skjerm.

Statistikk lesast på mange måtar. Synkande tal seier at noko endrar seg. Kanskje har andre møtestader bidrege til å redusere at gudstenesta og kyrkjebakken var ein møtestad som dekkar mange andre behov enn dei reint åndelege.

Men statistikken fangar ikkje tydeleg opp overgangen frå at mange gjekk fast til gudsteneste kvar søndag, til at trusopplæringa sine mange gudstenester og andre samlingar no fører mange fleire gjennom året over dørstokkane til kyrkja enn det som før var vanleg. Færre går jamleg. Fleire kjem når det er 'deira tur' i høve barn eller barnebarn som er involverte. Og kyrkja held på sin posisjon som umisseleg for store lag av folket – om enn på nye måtar.




**MYKJE AKTIVITET:** Dåp og konfirmasjon er noko av det vi kan lese om i statistikken. Men vi har mange ulike aktivitetar som ikkje kjem fram i nokon statistikk. 11. november 2022 fekk vi nye kyrkjekontorlokaler, noko som gjer at vi har både kyrkjekontor, Frivilligsentral og kyrkjelydshus under same tak – med ulike aktivitetar og gode møteplassar. Foto: Hareid sokn (dåp) og Victoria Rinde (konfirmantane).



## 4.1. Aldersfordeling for innbyggjarane i Hareid kommune

Alder



ALDERSFORDELING: Befolkning Hareid kommune pr 3. kvartal 2022. Kjelde: Statistisk sentralbyrå

## 4.2. Medlemskap DnK

I takt med at befolkninga får fleire innvandrarar, kryp medlemsprosenten noko ned, utan at det opplevast som nokon stor endring.

Årstal	Innb. i Hareid	Medlem i DnK	Prosent
2015	5189	4049	78
2016	5185	4011	77,4
2017	5150	3979	77,3
2018	5155	3949	76,6
2019	5160	3929	76,1
2020		3865	
2021	5136	3817	74,3
2022	5177	3775	72,9



### 4.3. Gudsteneste- og nattverd deltaking

Årstal	Gj.sn. deltakere	Til saman på gudst. (Søn/helligd)	Gudstenester (Søn/helligd)	Nattv-delt. (ant. gt.)
2012	145	9004	62	2582 (34)
2013	155	9455	61	2538 (36)
2014	152	8360	55	2801 (40)
2015	155	8835	57	2882 (37)
2016	-	-	68	2505 (40)
		(Tot. gudst.)	(Tot. gudst.)	
2017	158	10.754	68	2386 (36)
2018	158	9.314	59	2135 (38)
2019	140	9.348	67	2401 (38)
2020	64*	5.798*	90*	1088 (31)*
2021	62*	5.331*	86*	1105 (26)*
2022	105*	7.434*	71*	1583 (35)*

Frå og med 2017 viser tala alle gudstenester (inkl. dei utanom søn. og helligdagar).

\*Pandemien kom i mars 2020. (F.o.m. mars 2022 opphøyrt alle restriksjonar).

### 4.4. Dåp

Mange av våre medlemmar døyper borna sine. I tillegg kjem unge foreldre heim att til Hareid og døyper sine, sjølv om dei bur andre stader. Vi har óg døypt fleire eldre born og vaksne i seinare år, samt at vi har nokre frå andre trussamfunn som gjennom dåp vert lagt til. Laurdag 4. juni 2022 hadde vi Drop-in dåp, der fleire blei døypt (også gjort ein gong tidlegare, i 2021).

Årstal	Tot. døypte	Tilhøyrande DnK*	Prosent
2012	45		
2013	30	41	73,2
2014	51	57	89,5
2015	34	43	79,1
2016	48	39	123,1
2017	57	50	114
2018	37	28	132,1
	<u>Tot. døypte</u>	<u>Heimehøyrande Hareid</u>	
2019	58	30	193,3
2020	45	32	140,6
2021	43	39	110,3
2022	45	36	125,0



\*Barn av foreldre som er medlem av Den norske kirke, blei rekna som tilhøyrande DnK ved fødsel. Fram til 1. oktober 2018 blei dette registrert automatisk i kyrkja sine registre på grunnlag av fødselsmeldingar frå Folkeregisteret. Sidan har tilhøyrighet blitt registrert viss foreldra ønskja det.

#### 4.4. Konfirmasjon

Talet på konfirmerte vil naturleg nok regulere seg, då det kan vere stor variasjon i årskulla. Prosenten held seg høg.

Årstal	Konfirmerte	Medlemmar	Prosent
2012	57		
2013	56	56	100
2014	55	57	96,5
2015	50	55	90,9
2016	49	49	100
2017	34	37	91,9
2018	56	58	96,6
2019	52	54	96,3
2020	37	42	88,1
2021	46	47	97,9
2022	38	42	90,5

#### 4.5. Ekteskapsinngåing

Årstal	Vigsler
2012	9
2013	11
2014	2
2015	10
2016	11
2017	6
2018	9
2019	5
2020	10
2021	11
2022	9



## 4.6. Gravferd

<i>Årstal</i>	<i>Gravferder</i>
2012	35
2013	53
2014	38
2015	33
2016	48
2017	47
2018	41
2019	55
2020	37
2021	53
2022	48



**GRAVFERD:** Vi tek farvel med den døde.  
Vi takkar for livet og overlét den døde til Gud.  
Foto: Hareid sokn

## 4.7. Inn- og utmeldingar DnK

Innmeldingar via dåp er ikkje inkludert her, men kan sjåast under statistikk for dåp.

<i>Årstal</i>	<i>Innmeldingar</i>	<i>Utmeldingar</i>
2012	0	4
2013	0	7
2014	1	18
2015	2	15
2016	2	11
2017	7	8
2018	1	9
2019	5	9
2020	0	7
2021	1	14
2022	2	17



## 4.8. Digitale aktivitetar i 2022

Nok eit år skriv seg inn i historia og skil seg tydeleg frå tidlegare år - før pandemien. Våre digitale aktivitetar har i all hovudsak vore at alle gudstenestane har blitt streama gjennom året til vår Facebook-side og overført til TV-kanalen på Hardartun. Dette var eit vedtak som fellesrådet gjorde under pandemien og som vi ønskja å fortsette, sjølv om samfunnet opna opp og ein kunne samlast fysisk til kyrkja.

Også gudstenestane frå andre lokasjonar blei streama; frå toppen av fjellet Melshornet, frå Polarstar til sjøs, frå fjellet Alskleiva, innandørs frå ishavsskuta Aarvak, frå leirstaden Holesanden og frå bedehusa i krinsane.

Antal følgjarar på Hareid sokn si Facebook-side auka med 155 personar i 2022, som per 31.12.2022 viser 2360 følgjarar. Vi er også aktiv både på Instagram og på heimesida vår (hareid.kyrkja.no).



**GUDSTENESTE TIL SJØS:** Nytt av året var gudsteneste om bord i Polarstad ved foten av Slogen på Kristi Himmelfartsdag. Eit samarbeid med Ishavsmuseet og frivillige, finansiert med billettsal der varm mat var inkludert. Skipper var Bernt Brandal. Foto: Ishavsmuseet og Hareid sokn

## 5. Gudstenestelivet

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudtenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.



**GUDSTENESTE OM BORD I AARVAK:** Kvart år fyllast ishavsskuta og arealet rundt skuta opp med folk til gudsteneste. Også dåp og vigsel kan utførast her om ønskjeleg. Foto: Hareid sokn

Gudstenesteutvalet har hatt 2 møter i 2022. Hovudsaka til gudstenesteutvalet er å arbeide med gudstenestene. Det har vore gudstenester i Hareid kyrkje dei fleste søndagane. Gudstenestene i kyrkja har vore streama på facebook og på eigen TV-kanal til bebuarane på Hadartun, og vi veit at dei har blitt sett og sett pris på av mange. Nytt av året var gudsteneste under Slogen ombord i Polarstar Kristi himmelfartsdag. Denne var med eit avgrensa antal, men den kunne også fylgjast på nett. Ei stor oppleving for dei som var med. Det har i tillegg blitt gjennomført gudstenester på bedehusa, på Aarvak, Holesanden, Alskleiva, Melshornet og på Hadartun. Gudstenesteutvalet vil rette ei stor takk til soknepresten og resten av staben, som har lagt ned eit stort arbeid for å få til alt dette. Takk også til alle som har stilt opp frivillig og delteke i gudstenestene.



## FASTETIDA

**Gudstenesteutvalet har hatt tradisjon for å stå bak samlingar i kyrkja onsdagane i fastetida. Såleis også i år. Fasteprogrammet var slik:**

02.03	kl. 19.30.	Oskeonsdagsgudsteneste ved Lars Hartig-Tangedal. Vox Virorum og ei misjonsforening tok del
09.03	kl. 19.30	Temakveld: Fastetekster og fastesalmar. Ved Øystein Orten, Ingrid Nerhoel og Kjersti Røyset Topphol
16.03	kl. 19.30.	”Bli kjent med den nye kapellane” Samtale mellom Miriam Håland Igland og Andrea Sæverud
23.03	kl. 19.30.	Salmekveld med Ida Teige, Trine T. Eidsvik, Ole Martin Øyehol, Anna J Jønsson Havåg, Vibeke Holstad og Ingmar Mork. Kveldstankar ved Stein Karstensen.
30.03	kl. 19.30.	Solidaritetsgudsteneste med Lars Hartig-Tangedal, konfirmantar, Hareid Ten-Sing og Oline Bigset.
06.04	kl. 19.30.	Påskevandring for ungdom og vaksne ved Barbro Landmark, Ida Teige og Sissel Anita Riise

Takk til alle som har bidrege og teke del på desse samlingane.

## Andakter og overføring av gudstenester i kyrkja – til institusjon/Hadartun

Soknet har andakt på Hadartun kvar onsdag formiddag, både i vinterhagen og på skjerma avdeling (36 gongar i 2022). På sommaren var det anna kvar veke. I tillegg har vi fire gudstenester inkl. nattverd per år, i vinterhagen (oskeonsdag, skjærtorsdag, 28/9 og søndag 18/12) Vanlegvis v/sokneprest og organist, men enkelte gongar var det frivillige vikarar som tok andakta og spela til salmane. Vikar andaktshaldarar: Turid Engen, Margit L Holte, Barbro Landmark, Leidulv Ø Grimstad, May Linn Andersen Tonev og Kjell Einar Ljones. Vikar musikarar: Karen Turid A Bjåstad, Lidvar Grimstad, Barbro L Torvik på dagsenteret og Anton Tonev. Ein stor takk til desse. Målgruppa er bebuarane, men også dagsenteret tek del og eventuelt andre besøkande på Hadartun.

## Årsstatistikk 2022

	2019	2020	2021	2022
Gudstenestebesøk kun søn- og helligdag/snitt	8272/137	4461/67	3970/63	5245/99
Gudstenester kun søn- og helligdagar	60	67	63	53
Nattverdsdeltakande	2401	1088	1105	1583
Gudstenester med nattverd	38	31	26	35
Gudstenester i påska/besøkande i snitt	4/078	2/016	2/016	5/063
Kyrkjeoffer, beløp totalt	271 339	169408	175 069	209 846

NB: Pandemien prega tala for 2020, 2021 og jan-mars 2022.





### **Gudstenesteoversikt 2022:**

Søn- og helligdagar:	53
Utanom søn- og helligdagar:	18
<b>Tilsaman:</b>	<b>71</b>

### **Medlemmer i gudstenesteutvalet:**

Kjersti Røyset Topphol (leiar), Turid Engen, Elin Vassbotn Øvrelid, Ida Teige (skrivar og kantor), Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog).

*Kjersti Røyset Topphol*

*-leiar i gudstenesteutvalet-*

## **6. Diakoniarbeidet**

**Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. DNK sin Plan for diakoni (2020) samanfattar dei diakonale utfordringane i fire arbeidsområde: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Dette er utgangspunktet for Hareid kyrkje sitt diakoniarbeid og vår lokale diakoniplan. Mange tiltak i diakoniplanen har Frivilligsentralen eller andre ansvar for å gjennomføre.**

Soknepresten, som er med i Diakoniutvalet, er i kommunen sin krisestab. Diakoniutvalet kan vere tilgjengelege i ulike krisesituasjonar i kommunen. Diakoniutvalet har hatt redusert aktivitet i 2022, grunna sjukdom og fråver av utvalsmedlemmer. Utvalet har hatt 1 møte samla og i tillegg planlagt via e-post/messenger.

### **Opstart av ungdomsklubb i samarbeid med KFUK/KFUM**

Hareid KFUK/KFUM inviterte soknet til samarbeid om ein fast møteplass for ungdom hausten 2021, og det vart danna eit interimstyre for å jobbe vidare med dette: Gunn Berit Gjerde og Halvard Grimstad frå KFUK/KFUM og Hanna E. Langnes Moldskred og Kirsten Holstad Valseth frå Diakoniutvalet/soknet. Styret hadde fleire møte i vår. Vi fekk på plass samarbeidsavtale med kommunen og kunne tilsette ungdomsarbeidar i 20 % stilling frå april -22, Renate S. Bøe. Styret rekrutterte over 25 frivillige til å vere vaksenkontaktar på klubben. Klubben vart opna etter påske i rådhuskjellaren og hadde ope 3 ettermiddagar i veka fram til sommarferien. Det var 30-50 ungdommar innom kvar dag. Over 100 ungdomar deltok då vi arrangerte ungdomskveld under Opplev Hareid. Både ungdomar og vaksenkontaktar kom med gode tilbakemeldingar på drifta av klubben. I juni gjekk avtalen med kommunen ut. Kommunen valde då å vidareføre drifta av klubben i rein kommunal regi.



### Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta

Diakoniutvalet hadde ikkje høve til å arrangere i år. Måltidet med bollar, kaffi og saft i midtgangen vart gjennomført med hjelp av tilsette/frivillige i gudstenesta og konfirmantar som baka bollar. Det var ein del flyktningar frå Ukraina tilstades, som vart fint inkluderte i måltidsfellesskapet.

### Internasjonal middag i samband med hausttakkefest 30.oktober

Soknet søkte på midlar frå Møre bispedøme til inkludering av flyktningar frå Ukraina, og fekk kr 20.000 i tilskot til å arrangere internasjonal middag. Vi ønska å nå breiare ut til bygdefolket og til ulike nasjonalitetar enn vi har klart siste åra. Vi flytta tidspunkt til seinare på dag, til kl. 15.00. Vi annonserte hovudsakleg gjennom soknet sine digitale kanalar. Middagen var gratis. Vi hadde buffet med variert mat frå 7 land: Ukraina, Thailand, Sri Lanka, Tyrkia, Syria, Sudan og Norge (brennsnut). Frivillige laga maten og fekk dekkja utgifter til innkjøp. Middagen vart ein stor suksess! Det kom mykje folk, frå mange ulike nasjonar, og vi måtte sette ut ekstra bord både på scena og i gangen. Vi mangla etter kvart gaflar, men det vart mat nok til alle!



**INTERNASJONAL MIDDAG:** Kyrkjelydshuset vart fylt til randen med folk som ville spise gratis middag frå 7 ulike nasjonalitetar. Her ser vi den ukrainske gruppa som laga mat frå sitt heimland, stor stas i storfellesskapet. Foto: Hareid sokn

## **Minnegudsteneste**

Gudstenesta er open for alle, men pårørende til dei som har gått bort siste året, vert spesielt inviterte. Intensjonen er at gudstenesta skal ha ei lavterskelform der alle kan kome som dei er. Det er viktig å bli sett, men også å kunne vere åleine. Det var bra oppmøte og mange tende lys i midtgangen i etterkant av gudstenesta.



**ALLEHELGEN:** Godt oppmøte på minnegudstenesta og mange som tenner lys på grava til sine kjære allehelgenshelga. Foto: Hareid sokn

## **Kirkens SOS**

Spesielt tida etter pandemien har stadfesta at dette er ei teneste det er stort behov for og som vi ynskjer å støtte vidare. Vi har tatt inn i revidert diakoniplan at Kirkens SOS skal få eit gudstenesteoffer årleg, og at det blir informert om tenesta i denne gudstenesta.

**Frivilligsentralen og dagleg leiar er sentral i det diakonale arbeidet i soknet. Meir om diakoniarbeidet er å lese i Frivilligsentralen si årsmelding.**

## **Medlemmer i diakoniutvalet:**

Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Heidi Pedersen Kvalsvik (dagleg leiar Hareid Frivilligsentral), Kirsten Holstad Valseth, Hilde Frøysa Hareide, Leidulv Grimstad og Hanna E. Langnes Moldskred (leiar).

*Hanna Elisabeth Langnes Moldskred  
-leiar i diakoniutvalet-*



## 7. Kyrkja og kyrkjegarden

Hareid kyrkje er ei folkekyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for menneskjer i alle livsfasar. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendig vedlikehald og tilpasningar som tener dagens aktiviteter i kyrkja. Hareid kyrkje er ei verneverdig (listeført) kyrkje frå 1877 i nygotisk stilart og vart vigsla 13. desember 1877.

### 7.1. Kyrkja




Sidan 2019 har det vore eit pågåande renoveringsarbeid i tilknytning kyrkja som følgjer; Vannbåren oppvarming med luft-til-vann varmepumpe + digital varmestyring/SD-system (ut med gamle energikrevjande røromnar), tilbygg redskapshus for teknisk rom (2 varmepumper + el-kjele som back-up), nytt luftfuktingsanlegg, nytt brannalarmsentral, nytt teknisk anlegg lyd/video, oppgradering sprinkleranlegg, nye golv med isolering, utbetring og tetting ytterdører, ny kjøkkenkrok i dåpssakristi, nytt universelt toalett og vaskerom/lager i våpenhus, fiber/Wi-fi, ny solskjerming, skifta sprukne glasruter, utbetring råteskader både på bunnreim, veggpanel utandørs og tak våpenhus, tetting liten lekkasje kyrkjespiret, maling front kyrkjetårn og 4 nye utandørs lyskastarar (led-lys).

## ENOVA-midler og ENØK i kyrkjebygg

For miljøvennlege val av type oppvarming og systemløyising fekk vi ENOVA-tilskot i forkant av renoveringa. Kirkerådet sin seniorrådgiver for etikk, miljø og samfunn, kontakta oss og vil bruke Hareid kyrkje som eit godt døme på ENØK i kyrkjebygg i e-læringskurs for renovering av verneverdige kyrkjer i Noreg. Oppgradering av Hareid kyrkje har frå starten av hatt utgangspunkt i forprosjektet med varmerapport frå Miljø & RessursDrift v/Ulf Christensen. Ved å kartlegge forholda i Hareid kyrkje kunne man anslå kor mykje installert varmeeffekt som var nødvendig for å drive brukstilpassa oppvarming.

## Teknisk lyd/videoanlegg

Det er vedtatt at vi skal fortsette med streaming av gudtenestene frå kyrkja. Difor har vi fortsett med dette tilbodet på Facebook og til bebuarane på Hadartun (betalar årleg avgift til TONO). Tilbakemeldingane er at folk sett pris på dette tilbodet. Som det er med tekniske



løyisingar, så har vi også enkelte utfordringar. Dette løyser seg ganske kjapt, då vi har lydteknikarar som er løysingsorienterte og kunnskapsdyktige. Vi har og fått inn ein ekstra tekniker dette året, dette lettar på arbeidet for dei øvrige frivillige.

Det er kjøpt inn fleire mikrofonar då vi såg at det var for få mikrofonar tilgjengeleg for korrappene. Prosjektoren i kyrkja er ny av året, då den eksisterande var gamal, krevde reparasjon og blei difor skifta ut.

**TEKNIKARAR:** I kvar gudsteneste er det mange frivillige som bidreg, ein av desse er tekniker på galleriet. Dei syter for lyd og bilde både i kyrkja og på livesendinga på nett, og må vere i tett dialog med dei andre personane som er med på å gjennomføre gudstenesta. Bildet viser Kristoffer I. Grimstad som lærer opp ny tekniker, Elling Bjåstad. Foto: Hareid sokn

## Luftfuktingsanlegg

Orgelet, altertavla og anna interiør i vår kyrkje krev luftfuktigheit mellom 40-60 % for å ikkje ta skade. Spesielt altertavla har eit skadeomfang tilbake i tid som tilseier at tiltak måtte iverksettast. I høve renoveringsprosjektet i kyrkja blei det difor på hausten montert luftfuktingsanlegg, levert av GK Inneklima. Jobben er ikkje heilt ferdigstilt, då det blir køyrt manuelt ettersom integreringa opp i mot styringssystemet til kyrkja manglar. Planen er at dette blir utført tidleg 2023. Per dags dato fungerer den manuelle køyringa, men dette bør blir automatisert.



### Råteskader i tak våpenhus

Då Christie & Opsahl heldt på med å fikse lause skiferheller og ein liten lekkasje på tak våpenhuset, blei det oppdaga store råteskader på takkonstruksjonen. Dette blei tatt tak i av kyrkjevevjerje og prosjektledar i Hareid Kommune, og vart skifta ut og reparert. Også ein mindre lekkasje i sjølve spiret på kyrkjetårnet vart sjekka. Såg over falsar på bandtekinga og fant to plassar der tekinga hadde spukket opp. Det er begrensa kva som kan gjerast med så gammal teking, men det vart blåst reint med trykkluft og lagt på fugemasse. Dette som eit ærlig forsøk på midlertidig tetting for å vinne nokre år. Men den store problemstillinga er at ein ikkje heilt veit om det er desse punkta som er årsaka til lekkasjen eller om det er fleire punkt. Om det skulle vise seg at det fortsatt ikkje er tett, må neste steg vere å få fatt i ein lift og gå over å fuge falsar o.l. så n det let seg gjere. Kyrkjetenar må følgje med framover når han er i tårnet.

### Maling av fronten på kyrkjetårnet

I samband med reoperasjonane på tak våpenhus, vart fronten på kyrkjetårnet mala då det var eit særskilt behov. I høve malingsprosjekt vart også store delar av bunnreim/botnsvilla utvendig skifta ut, då det var råteskade. Skaden blei utbetra og vi var heldige at det blei tatt på dette tidspunktet. Hadde det blitt oppdaga seinare, hadde det vorte mykje meir omfattande og kostbart. Ward1 AS (via prosjekt Christie & Opsahl) utførte denne jobben, eit særst godt arbeid. Også alle ytterdører blei mala i høve malingsprosjektet. Dermed har kyrkja fått eit godt løft utvendig i år.



**RÅTESKADER:** Berre flaks gjorde at råteskader i tak våpenhus blei oppdaga og kunne utbetrast før meir omfattande skade og kostnad ville vore uunngåeleg.  
Foto: Hareid sokn

## Parkeringsplassar rundt kyrkja og kyrkjegarden

Vi har tidlegare hatt utfordringar med at bilar blir parkerte langs kyrkjegardsmuren, noko som kan skape farlege trafikksituasjonar og hindre utrykningskøyretøy i å kome seg fram. Samtidig som det blei utført anleggsarbeid i Kyrkjegata, vart det oppretta ein riggplass for dette arbeidet på nedsida av kyrkjegarden. Når anleggsarbeidet vart ferdig, blei riggplassen omgjort til ein stor og flott, asfaltert parkeringsplass. Også gang- og sykkelveg med belysning har sikra ferdsele for mjuke trafikkantar i Kyrkjegata.

Vi oppmodar alle besøkande i kyrkja og kyrkjegarden om å bruke parkeringsplassane og unngår parkering langs kyrkjemuren. Det er no parkeringsmuligheiter både på den lisje, gamle P-plassen ved kyrkja, den store grus P-plassen på oppsida av kyrkjegarden og på den nye store P-plassen bak «Mjøll & Meir» i Kjøpmannsgata.



**SAMHANDLING OG LOGISTIKK:** Vegen vart stengt ein god periode i høve vegarbeidet med nye rør og veg m/gangsti i Kyrkjegata sommar/hausten 2022. Viktig med god samhandling og logistikk både trafikkalt og i høve kyrkjelege aktivitetar. Kyrkjeverja har hatt eit særst hektisk år. Foto: Hareid sokn

## 7.2. Kyrkjegarden

### Barnegravfeltet

Ettersom arbeidsmengda til både kyrkjestab og frivillige var stort dette året, blei det vedtatt på eit utvalsmøte at jobben med å få utbetra barnegravfeltet skulle utsettast til våren 2023. Leiar i underutvalet, Kristoffer Indreeide Grimstad, og utvalsmedlem Stein Karstensen blir



satt til å organisere dette arbeidet. Vi tek sikte på å ha det første prosjektmøtet i løpet av februar månad. Då vil vi gå over omfanget og planlegge tidspunktet for prosjektet. Her er det mykje som skal samkøyrast og vi vonar at dette kjem alle til gode.

### **Maskinpark**

I 2021 blei det vedtatt å sette opp eit lagertelt som midlertidig lagringsplass for maskiner og utstyr. Vi var spente på korleis dette kom til å fungere gjennom både hauststormar og vinter. Evalueringa etter viser at dette var suksess. Kyrkjegardsarbeidar seier at dette har vore eit stort løft og at det minskar slitasje på utstyret (traktor og gravemaskin). Teltet har stått stødig gjennom heile hausten og vinteren. Vi sparer mykje tid vinterstid då vi slepp å tine all is som oppstår på maskiner ved kulde. Teltet kjem til å bli ståande til vi får utvida kyrkjegarden og eit nytt redskaps-bygg vil kome.

Gravemaskina er av eldre modell (1989) og moden for å byttast ut for å sikre drifta i høve gravferder. Komponentar må innimellom skiftast, noko som er tidkrevjande. Vi bør ha ei maskin vi kan stole på og som virkar når gravarbeid skal gjerast. Det er lagt inn ønskje om ny gravemaskin i investeringsbudsjettet. Hareid kommune tek eventuelt jobben vidare med å finne den rette maskina, då dei har diverse rammeavtalar som gjeld. Vi ser behov for ei ny maskin som er tilpassa vårt behov.

### **Kompost**

I løpet av hausten kom det inn klage på jordhaugar utanfor kyrkjegarden. Her var det både restar etter jord frå graver og kompost. Saman med Hareid kommune hadde vi synfaring og det vart bestemt at vi skulle planere dette ut. Hareid kommune fekk planert ut og ordna opp i dette. Flott utført arbeid. Utvalet diskuterte løysingar for komposten som kjem frå stell av graver. Dette er både blomster, plantar og blomsterjord. Ulike kompostkverner var drøfta og det blei kjøpt inn ei kvern som tek både greiner, blomster og blomsterjord. Dette fører til mykje mindre avfall og komposteringa av avfallet går fortare.

### **Leirefelt på gravplassen**

Ettersom jordsmonnet på leirefeltet på kyrkjegarden er dårleg, har det vore problem med drenering av vatn. Kyrkjegardsarbeidar har gjort eit forsøk på ei grav med å fylle på singel og meir jord og dermed heve plantefeltet. Vi ventar spent på resultatet av dette, og håper vi får til ei løysing her.

### **Vårdugnad 23. april**

I eit flott vårvêr var det nærmare 30 personar som tok del på den årlege vårdugnaden på kyrkjegarden. Takk til alle som hjalp til både med arbeid og mat til dei frivillige. Det vart rydda rundt omkring på kyrkjegarden med både bossplukking, raking av lauv, plukking av ugras og klipping av hekkar. Etter ein lang vinter kjem dette godt med, og lettar arbeidet for staben med å halde kyrkjegarden stelt gjennom resten av året.







**VÅRDUGNAD:** Utan mat og drikke...Godt oppmøte på vårdugnad på kyrkjegarden, eit viktig skippertak vert gjort for at det skal sjå fint ut før konfirmasjonshelg og 17. mai-feiring. Frivillige er ein stor og viktig ressurs i bygda vår! Foto: Hareid sokn

**Medlemmer i kyrkje og kyrkjegardsutvalet:**

Georg Fabian Stordal, Kristoffer Indreeide Grimstad (leiar), Stein Karstensen, Torgeir Ringstad, Anton Tonev (kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjeverje).

*Kristoffer Indreeide Grimstad*  
*-leiar i kyrkje- og kyrkjegardsutvalet-*



## 8. Misjon & misjonsprosjektet

**Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod. Sitatet er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016-2019.**

Misjonsutvalet vil gjennom sitt arbeid, hjelpe kyrkjelyden med å nå dette målet.

Hareid kyrkjelyd har avtale med Det Norske Misjonsselskap – NMS – om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt. Dette også ved å samle inn pengar til misjonsprosjektet. For tida er det avtalte beløp på kr. 40.000 pr år.

### Samtalegudstenesta

Ved ofring under Samtalegudstenesta, kom det inn kr. 3.172.

### Misjongudsteneste på Holesanden

I godt sumarver, vart det søndag 19. juni, arrangert misjonsdag med gudsteneste på Holesanden. Song av Musikklaget under gudstenesta og til postludium. Misjonsinformasjon etter gudstenesta, med litt bilete til. Om lag 90 personar møtte. Sal av lodd og mat samt offer gav totalt kr. 28.700.

### Middag & Misjon og konfirmantane sitt misjonsløp

Søndag 20. november vart det arrangert Middag og Misjon på kyrkjelydshuset med sal av brennsnut og kaker, samt åresal. Over 100 personar møtte. Det var som vanleg gratis middag til 10-åringane. Totalt kom det inn kr. 26.760.- Medrekna i denne summen er også konfirmantane sitt misjonsløp i sentrum laurdag 19. november. Det vart, under samlinga på kyrkjelydshuset, signert ny misjonsavtale med NMS.

Denne er gjeldande i fire nye år (2022-2025). Avtalt sum kr. 40.000 pr.år.

### Andre bidrag:

Under ofring i gudstenesta søndag 30. oktober kom det inn kr. 4.425. Barnekantoret hadde også innsamling. Dei samla inn kr. 5.000 til misjonsprosjektet, som dei sjølve har sendt NMS.



Totalt har Misjonsutvalet samla inn til misjonsprosjektet i Thailand kr. 63.057 som er sendt vidare til NMS. Faste gjevarar til misjonsprosjektet, er ikkje rekna med i denne summen.

Misjonsutvalet ynskjer å rette ei stor takk til alle som har bidratt med støtte til prosjektet i Thailand. Både faste gjevarar og til alle dei som har tatt lodd eller gitt andre pengegåver. Ei stor takk også til alle frivillige som hjelper oss å få arrangementa i stand.

Misjonsutvalet hadde tre møter i 2022.



**Å DELE MED ANDRE:** Fast tradisjon er at 10-åringane lagar gevinstar til Middag & Misjon på kyrkjelydshuset. Dei lærer om å dele med dei som ikkje har det så godt som oss her i landet, og dei får ta aktivt del med å bidra for andre. Foto: Hareid sokn

#### **Medlemmer:**

Jahn Kjell Fjørtoft (leiar), Jorunn Vatne, Svanhild Giskeødegård, Odd Lykstad, Eli Sølvi Jønsson (kyrkjelydssekretær)

*Jahn Kjell Fjørtoft  
-leiar i misjonsutvalet-*



## 9. Kyrkjemusikalsk arbeid

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt budskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utleige av kyrkja til konsertar, som godkjennast av soknet.

Utvalet har hatt 6 møter i 2022. Ved kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver, og delteke på øvingar i forkant av arrangement.

### Salmekveldar

Det var planlagt 4 salmekveldar i løpet av året, og i år har vi fått gjennomført desse som planlagt. Vi har fått med eksterne aktørar, og ulike tema for salmekveldane.

### Syng- og spel jula inn

I år fekk vi endeleg gjennomføre «Syng og spel jula inn». Det vart eit arrangement med korps og kor, då det av ulike årsaker var nokre av dei som vanlegvis har vore med som var fråverande i år. Det vart full kyrkje, og eit godt program på ca 90 minuttar. Korvidt ein skal gå tilbake til 2 arrangement, og fordele deltakande kor og korps lyt ein vurdere utifrå kven som kan delta. Det var heilt på grensa med plass og tid slik det vart i år.

### Kor, korps og solistar i gudstenesta

Kyrkjemusikalsk utval er svært takksame for alle dei som bidreg til gudstenestene våre med song og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Kantor set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Deltaking frå solistar, musikarar, korps og kor gir det vesle ekstra til gudstjenestene som alle set stor pris på.

### Arrangement i regi av utvalet

23.03.	Salmar i fastetida	Medverkande: Ole Martin Øyehol, Trine Teigene Eidsvik, Ingmar Mork, Vibeke Holstad, Stein Karstensen
12.06.	Ei sunnsjel i ein sunn kropp.	Medvirkende: Sirene, Gollj og Gråstein, Antonina Suslova, Leiv Arne Grimstad
29.09.	I sjømannsmisjonenes ånd	Medverkande: Cor Sonus, Odd Goksøyr, Leidulv Øyvind Grimstad
13.11.	Minner, tru og håp	Medverkande: Torill Vågen Vattøy, Marit Øien Sæverud
11.12.	Syng og speler jula inn	Lokale songarar og musikarar.





*SANG OG SPELA JULA INN 2022: I år fekk vi endeleg gjennomført «Syng og spel jula inn» etter at pandemien hadde prega arrangementet dei to tidlegare åra. Det vart eit flott arrangement med mange korps og kor og ei fullsatt kyrkje. Foto: Hareid sokn*

Kyrkjemusikalsk utval held fram med å jobbe for stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breidt mangfald. Kommunen er velsigna med talentfulle innbyggjarar som vi i utvalet med glede nyttar i våre gudtenester og andre arrangement. Det blir og arbeid med å få eksterne artistar til å ha konsertar i kyrkja vår i 2023. Kyrkja er og eit populært lokale å ha konsert i, og vi håper på god aktivitet i 2023, og vi ser fram til nye musikalske opplevingar.

### **Min favoritt konsert 21.12. kl 21**

Denne konserten er det ikkje kyrkjemusikals utval som arrangerer, men staben i samarbeid med frivillige. Kantor er musikalsk leiar/kapellmeister, og i årsmeldinga tek vi difor dette med under kyrkjemusikalsk arbeid.

Konserten har blitt gjennomført sidan 2018 og kan difor kallast ein tradisjon, der frivillige solistar/musikarar og band bidreg der inntekta går til kyrkjelydshuset. Hittil har ingen solist vore på scena 2 gongar, og nye inviterast med kvart år. Her er songglede, allsidigheit og breidde ein nøkkel for ei nær og ærleg framsyning til glede for tilhøyrarane.

Kyrkjelydspedagog er programleiar i eit tett samarbeid med kapellmeister, og soknepresten på det lydtekniske. På denne eine konserten vart det solgt om lag 220 billetter, som gir eit



fint økonomisk bidrag til kyrkjelydshuset. Takk til solistar og band som er villige til å bruke mange timar på øvingar i forkant og på sjølve dagen for konserten.

**Medlemmar i kyrkjemusikalsk utval:** Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Bård Grimstad (leiar), Wenche Iren Roppen og Ida Teige (kantor).

*Bård Grimstad*

*-leiar kyrkjemusikals utval-*

## 9.1. Hareid Barnekantori

Hareid Barnekantoret er eit barnekor knytta til Hareid kyrkje, alder frå 3.-7. klasse. Koret har øving i Hareid kyrkje, kvar onsdag frå klokka 1600 til 1730.



**SONG FOR KONGEPARET:** *Då kongeparet vitja Hareid 01.09.2022 var det ordførar Bernt Brandal, Barnekantoret og kulturskuleelevar som opna festen frå scena - ilag med eit stort samansatt vaksenkor på Tusenårsplassen i Hareid sentrum. Stor stas! Foto: Hareid sokn*

### **Styret for koret 2022:**

Styreleiar:	Julija Sande
Styremedlem:	Trude Børjesson Sørdal
Sekretær:	Ann-Kristin Snipsøy
Kasserar:	Sissel Anita Riise
Dirigent:	Ida Teige og Sissel Anita Riise

**Dette har koret vore med på, i tillegg til dei vanlege øvingane på onsdagar:**

Synge på gudsteneste i kyrkja	13.2.
Årsmøte for føresette	15.2.
Synge på gudsteneste på Hjørungavåg bedehus	06.3.
Kulturdag på kyrkjelydshuset	19.3.
Ekstra øving laurdag	09.4.
Synge på palmesøndagsgudsteneste	10.4.
Avslutningskonsert/korkafe på kyrkjelydshuset	30.4.

**Sommarferie**

Oppstart etter ferien	24.8.
Fellesøving med «Kongekoret»	25.8.
Synge for kongeparet i Hareid sentrum	01.9.
Synge på frivilligfest på Kyrkjelydshuset	19.9.
Blåtur til Epic Digerneset og pizza	24.9.
Synge på gudsteneste på Bigset bedehus	02.10.
Synge på gudsteneste i kyrkja	20.11.
Barnas misjonsdag med middag og misjon	20.11.
Ekstraøving til Julenatt i stallen	24.11.
Julenatt i stallen	25.11.
Juleverkstad og synging på Hadartun	07.12.
Delta på julekonsert og Luciafeiring i kyrkja	11.12.
Synge på julegudsteneste i kyrkja	24.12.
Synge på julefest på Kyrkjelydshuset	30.12.

14 betalende medlemmer i vårsemesteret

14 betalende medlemmer i haustsemesteret

Medlemskontingenten er på kr. 300 pr. medlem i 2022.

Styret har hatt fire styremøter i 2022. Møta vart halde i Hareid kyrkje 12. januar, 15. mars, 18. mai og 23. august. I tillegg har vi hatt ein del kommunikasjon på Facebook og Messenger.



**BARNEKANTORIET** er særst aktive og godt drevet av Sissel Anita Riise og Ida Teige. Foto: Hareid sokn

for styret i Hareid barnekantori  
Ann-Kristin Snipsøyr



# 10. Undervisning og trusopplæring

Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet. Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har i mange år hatt stor oppslutning. Vi ser svingingar år om anna, og det er vel naturlege ting som vi må forholde oss til. Utfordringa er å følgje med i det som skjer elles i kommunen og spele på lag med ulike aktivitetar for å unngå kollisjonar. Vi justerer også tiltaka heile tida for å treffe dei ulike årskulla på best mulig måte.

## 22 tiltak på planen

For aldersgruppa 0-18 år har vi 22 ulike tidsavgrensa tiltak på planen. I tillegg til dette kjem det kontinuerlege arbeidet som babysong og småbarnssong. Målet for arbeidet er å tilby noko for breidda, altso alle, enten dei er døypte eller ikkje. Men vi har høve til å invitere personleg berre dei som er medlemar/døypte inn i vår kyrkje. Dersom dåpstala fortset å gå nedover vil dette krevje endra fokus også for vårt arbeid. Dersom vi ser på oppslutninga av gjennomførte tiltak i 2022 så er talet framleis høgt. I snitt 53 % på 21 gjennomførte tiltak. Tiltaket for 16 åringar vart avlyst grunna for få påmeldte. Dette er lågare i % snittet for periode (2015-2022). Tala for 2022 når det gjeld trusopplæring, viser at 5 av 21 tiltak hadde høgare enn 60 % oppslutning. 11 av 21 tiltak har over 50 % oppslutning og ingen av dei gjennomførte tiltaka har under 30 % oppslutning. I tillegg til alt dette kjem arbeidet knytt til undervisning gjennom samarbeidet med barnehagar og skular. Det er ganske omfattande og vil tilsvare 20 % stilling om vi reknar timane om til undervisningstid for ein lærar.

## Undervisningsutvalet sine arrangement

For tredje gong gjennomførte vi samling knytt til Luciadagen. Det vart ei flott samling ute på kyrkjegarden med bålpanne, faklar, Lussekattar/gløgg og Luciatog. Luciatoget vart leia av Barnekantoret med deira dirigentar. Synnøv Skarbakk las historia om Lucia og Barbro Landmark leia samlinga. Dette vart ei fin opptakt til «Syng og spel jula inn» i kyrkja etterpå same kveld. Familiejulefest vart gjennomført på kyrkjelydshuset 30. desember, med vel 100 frammøtte. Barnekantoret, VI-koret, Lene Veiseth med fleire var del i programmet. Frå januar til påske gjennomførte undervisningsutvalet høgtlesing frå Bibelen. Det var samlingar søndagskveldar frå klokka 19 til 20, med ulike personar som las og hadde musikalske innslag.

Medlemmar i undervisningsutvalet: Marit Øien Sæverud (leiar), Laila Bjåstad, Linn Urke og Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog).

*Marit Øien Sæverud*

*-leiar i undervisningsutvalet -*







## Saman på vegen Med rett til å verte sett og verdsett



**HØG AKTIVITET:** For aldersgruppa 0-18 år har vi 22 ulike tidsavgrensa tiltak på planen. I tillegg til dette kjem det kontinuerlege arbeidet som babysong og småbarnssong. Foto: Hareid sokn



## 10.1. Tiltak i trusopplæringa med deltakarovesikt

<b>Alder</b>	<b>Tiltak i trusopplæringa</b>	<b>Deltakarar prosent 2021</b>
0	Dåpssamtale-Saman på vegen	100
1	Den fyrste song	47
2	Eg faldar mine hender små	44
3	Kjære Gud, eg har det godt	36
4	Heime i kyrkja	86
5	5 åringen i verda	49
6	Eg høyrer Jesus til.	54
7	Kong David og vi	61
8	Guds gåver – vår glede og vårt ansvar	45
8	Tårnagent	49
9	Perler i kransen - leirliv er topp!	69
10	Gud kjem til oss i Bibelens forteljingar - 10 år vår	55
10	Misjon - Guds gåver, omsorg og nærvær for alle	43
11	I Guds omsorg	30
11	Kode B - born av Guds regnboge	52
12	Juniorkonfirmant	53
13	Gled dykk, alltid!	35
15	Eg, Guds medarbeidar –Konfirmantundervisning	90
15	Konfirmert- kva so??	40
16	Når eg så skal ut i verda, 16 år- kva no?	0
17	På eiga hand - men aldri åleine.	33
18	Min draum-mitt liv. 18 år	50
	<b>Totalsum</b>	<b>53</b>



# 11. Hareid frivilligsentral



«2022 FRIVILLIGHETENS ÅR»: Biletet er frå feiringa av Frivilligsentralen sitt 30 års-jubileum på kyrkjelydshuset. Foto: Hareid sokn

## Mål/intensjon med Frivilligsentralen

Sentralen skal bidra til å skape møteplasser og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet. Sentralen arbeider for å være åpen og inkluderende.

Daglig leder har vært helt og delvis sykemeldt store deler av året. I to måneder var det ansatt en vikar: Ingvill Kirkebø gjorde en flott innsats for å holde aktiviteter i gang. Det er ikke enkelt å komme inn ny og uten opplæring - å ta over slik. Dessverre ble hun også sykemeldt og det har blitt det aller mest nødvendige som har blitt gjort, og noen ting har stått på vent eller blitt tilsidesatt.

Det er viktig for oss å legge til rette for at de som tar eget initiativ til en frivillig aktivitet, skal få drive med det. Frivillighet må være preget av lyst – og på de frivilliges premisser.

For sentralen er det viktig å kunne samarbeide med ulike lag/organisasjoner, skole, institusjoner etc. Dette for å kunne bidra til best mulig aktivitet og legge til rette for ulike møteplasser. Med dette kan vi forebygge ensomhet og sykdom. Dette året har de fleste aktiviteter vært åpent og tilgjengelig. Noen aktiviteter som eldretreff, leksehjelp, 90 års besøk og følge til nattverd har gått ut. Delvis fordi de frivillige som var der før pandemien, ikke ønsker å fortsette lenger eller fordi behovet har endret seg.

Lokalene til Frivilligsentralen er åpen og tilgjengelig for gratis utlån til frivillige lag og organisasjoner- og er flittig brukt. Det er mye god aktivitet på sentralen.





**FRIVILLIGE ER LIMET I LOKALSAMFUNNET:** Her ser vi oppe frå venstre; Frivillige med varer for varesal på Hadartun, føresette til ungdomsskuleelevar er Natteramner, frivillige bak disken i bruktbuikken Brukt & Billig. Foto: Hareid sokn

I tillegg til faste aktiviteter har daglig leder på Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å tallfeste eller telle dette.

I år er det på plass med finansieringen til Frivilligsentralene. Det er kommunen som skal søke om midler fra KUD og skal overføre det direkte til de som driver- her Hareid Sokn. De nye



retningslinjene innebar at soknet ikke lenger kunne stå som søker eller eier av frivilligsentralen, så det ble satt i gang prosess med at kommunen skulle overta eierskapet. Etter intenst arbeid fra flere parter, ser det nå ut til at dette punktet retningslinjene reverseres og soknet kan igjen stå som eier. Formelt skal dette være på plass i løpet av 2023.

Retningslinjene innebærer også at vi i løpet av det nye året må gjøre endringer i styresammensetningen. Det er ikke lenger eier som skal ha flertallet i styremedlemmer, men frivillige lag og organisasjoner. Dette bør på plass innen neste årsmøte/valg. Antall aktive frivillige som er knyttet til sentralen ligger nå på ca 80 personer.

## 11.1. Oppgaver

- Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- Sette opp/følge opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- Organisering og drift av Bruktbutikken.
- Hobbyklubb på sentralen to ganger i uken.
- Medarbeidermøter for Bruktbutikken.
- Organisere Natteravnene Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- Oppdragsgiver for Friomsorgen- kriminalomsorgen i Ålesund.
- Oppdragsgiver for NAV
- Legge til rette og gjennomføre arrangement for «Den kulturelle spaserstokk» Kommunen søker på midlene og sentralen bruker/arrangerer konserter etc.
- Daglig leder i sentralen er fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sokn. Delta på de arrangement som Diakoniutvalget står for.
- Tett samarbeid med Hareid Kommune/kultur, Biblioteket, Ressurssenteret, og Dagsenteret på Hadartun.
- Være med i arbeidsgruppen som jobber med den nye Helse og Omsorgsplanen (kommunedelplan) i Hareid.
- Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral og Brukt og Billig butikken
- Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler (3 møter i 2022).
- Arrangere frivilligmøte annenhvert år.
- Delta på aktuelle kurs.
- Samarbeid med kommunen, Sjukeheimen, Rus og psykiatri, folkehelsekoordinator og pårørende grupper.
- Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitetsforening, Pensjonistlaget, AA forening, Hareid Idrettslag, Lions, HLF, Eldrerådet, Seniordans, Solringen/svaksyntgruppa, Revmatikerlaget og Søre Sunnmøre tamilske kulturforening, med flere.



## 11.2. Aktivitetar

Aktivitetene er bygd opp etter flere års erfaring og endrer seg etter hva og hvordan de frivillige ønsker å bidra. Her kan nevnes: Hobbyklubb to ganger i uka, karakvelder, kaffe og bålkos på Rotarystien, besøkstjeneste på Hadartun, besøksvenner på skjerma avdeling, varesalg på Hadartun, drift av Brukt & Billig-butikken, natteramn, hørselshjelp, dialog med FAU v/ungdomsskolen, seniornett, utdeling av matkaser og julegaver til jul, innsamling av leker, klær etc. til asylsøkere og flyktninger, årlig utdeling av frivilligpris, konserter/forestillinger på Hadartun omsorgssenter, lørdagskafé med Ulstein og Hareid Lions, «frokost for alle» mat og kultur, Internasjonal middag, og gratis utlån av møtelokale til frivillige lag og organisasjoner.

I tillegg til faste aktiviteter er Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å tallfeste eller telle dette. Alle frivillige gjør et arbeid for fellesskapet som det står stor respekt av, og vi er svært takknemlig for innsatsen som de frivillige bidrar med for å skape et godt lokalsamfunn. Vi er og takknemlig for et fellesskap prega av likeverd, deltakelse og respekt for mangfold!



**SENIORNETT:** På aktiitetsrommet til Frivilligsentralen på Kyrkjelydshuset er det mykje aktivitet. Her ser vi nokre av dei frivillige som bidreg slik at vi har tilbud om Seniornett. Foto: Hareid sokn

Eier av Frivilligsentralen: Hareid Sokn

Heidi Pedersen Kvalsvik er tilsatt som daglig leder i 100% stilling.

Styret for 2022 har vært sammensatt slik:

Fra Soknet:

Sissel Seljebotn. *Vara: Grete Røyset Bakken .*

Bjørge Vartdal Hareide. *Vara: Ragnhild Strømmegjerde*

Øyvind Grimstad Gryt. *Vara: Odd Melhus*

Fra Brukt og Billig butikken:

Elsa Bigset. *Vara: Torunn Haugen.*

### Fra frivillige lag og organisasjoner:

I år representert av Ulstein og Hareid Lions: Bjarne Sukka. Vara: *Kjartan Kvalsvik*

Sissel Seljebotn har vært styreleder. Daglig leder har vært sekretær for styret. Det har vært 5 styremøter, og det har blitt behandlet 15 saker. Et av disse møtene var et ekstraordinært styremøte der det ble gitt innspill til sokn og kommune om hvor eierskapet til sentralen for framtiden bør ligge, da de nye retningslinjene tilsa at soknet selv ikke kan eie og drive. Styret har i år arbeidet en del med frivilligfesten og markeringen av 30 årsjubileet vårt. I og med at daglig leder har vært sykemeldt store deler av året, har det falt mer arbeid på styremedlemmene en vanlig.

*Heidi Pedersen Kvalsvik*  
*-leiar Hareid Frivilligsentral-*

## 12. Kyrkjelydshuset

Vi hadde knapt tatt over huset då pandemien satte ein stoppar i mars 2020. Heile 2021 var eit særst utfordrande år med antalsbegrensingar og stopp på utleige av huset. Men i 2022 har vi komet meir og meir tilbake til normalen og huset har vore aktivt i bruk, både faste leigetakarar som kor, møteverksemd, speiarane og Ten Sing. Og ikkje minst eige intern bruk og utleige til andre som selskap, minnesamver, konsertar, korkafeear, møter, med meir. Alt i alt gir huset gode moglegheiter til å skape møteplassar, der også Frivilligsentralen har sitt aktivitetsrom på huset som er i bruk gjennom heile veka.



**OPNING AV NYTT KYRKJEKONTOR:** Hareid sokn tok over det nye kyrkjekontoret 11. november 2022, og hadde opningsfest laurdag 26. november 2022. Korset ute på veggan måtte flyttast lenger opp på neste nivå, men til gjengjeld er korset no belyst. Foto: Hareid sokn



## 12.1. Nytt kyrkjekontor - alt under same tak

Ei stor glad-sak på tampen av 2022 var at vi fekk flytte inn i heilt flunkande nye lokale for kyrkjekontor. Det nye kyrkjekontoret er eit tilbygg til kyrkjelydshuset, no er både kyrkjekontor, Frivilligsentral og kyrkjelydshus under same tak! Tilbygget er blitt eit fint og symbolsk passande bygg for eit kyrkjekontor i sentrum og det var med stoltheit at soknet tok over kontorfløya og står no som eigar av heile huset.

HS Rise bygg AS hadde totalentreprise på prosjektet og Hareid kommune var ansvarleg for prosjektleiing, begge har gjort ein flott og effektiv jobb. Første spadetak for tilbygg kyrkjekontor vart gjort i januar 2022, 3. februar blei hovudinngangen avstengt og inngang frå Kjøpmannsgata måtte brukast som hovudinngang fram til ferdigstilling. Sjølv grav- og byggeprosess var no i gong. Bygget blei overlevert til Hareid sokn den 11.11.2022, under 1 år etter at sjølv graving og bygging starta. Det nye kyrkjekontoret har delvis glasfasade med belysning utvendig og eit felles takoverbygd inngangsparti saman med kyrkjelydshuset. Inne er det foaje, prestekontor/samtalerom, kontorplassar for dei tilsette, møte/lunchrom, kopirom, bøttekott, toalett og garderobe/lager. Frå kontora kan ein også gå ein snarveg inn til Frivilligsentralen sitt aktivitetsrom på kyrkjelydshuset. Kyrkjekontoret er universelt tilpassa og det vil snart kome parkeringsplassar inntil nybygget med fleire handicap-parkingsplassar. Ei sann og stor glede vi tek med oss vidare på vegen!

## 12.2. Arkitekt-teikna av lokalkjente

Utforminga og symbolikken på bygget er det Bucci Arkitektur og Design som har jobba fram, v/Georg Grimstad og Iver Olav Grimstad. Prosjektet er eit døme på god samhandling mellom aktørar, der prosjektleiar Paul Arne Ulstein (Hareid kommune) har leia prosjektet frå start til slutt saman med prosjektleiar Preben Nedrelid (Hareid kommune), Endre Skeide (prosjektleiar HS Rise Bygg) og Stian Moldskred (formann HS Rise Bygg). Også lokale underleverandørar som har gjort eit godt arbeid, her kan nemnast Brekke & Kleppe, Hareid Group Elektro, Svein Roppen AS, Egset Ventilasjon, Låsservice, Låssenteret og Furene AS.

## 12.3. Intern byggenemnd involvert i prosessen

Hareid sokn har hatt ei eiga byggenemnd som har vore med i prosessen frå starten av og medbestemt korleis bygget skulle vere, desse er; Leidulv Hareide, Torgeir Ringstad, Aina Giskeødegård Balsnes, Stein Karstensen (sokneråd), desse har bidrege på frivillig basis. I tillegg har kyrkjevevjerje Bente Andreassen Pilskog vore med i byggenemnda. Nytilbygget gir eit løft i sentrum, med si fine utforming og plassering. Huset ligg nær kyrkja og sentralt i enden av miljøgata, alt i alt ei god plassering til det aktive, omfattande og førebyggjande arbeid som soknet gjer i lokalsamfunnet. Ein viktig, lokal samfunnsbyggjar, no med kyrkjekontor, Frivilligsentral og kyrkjelydshus under same tak. Med opne dører – skaper vi treffpunkt og møteplassar opne for alle, noko som bidreg til å skape eit meir levande sentrum.







**INTERN BYGGENEMND:** Som har vore med i prosessen om korleis bygget skulle vere, frå venstre; Torgeir Ringstad, Leidulv Hareide, Aina Giskeødegård Balsnes, Preben Nedrelid (prosjektleiar Hareid kommune), Stein Karstensen (repr. frå soknerådet), Paul Arne Ulstein (prosjektleiar Hareid kommune) og kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog (ikkje med på bildet). Torgeir, Leidulv, Aina og Stein har bidrege på frivillig basis. Foto: Hareid sokn

## 12.4. Inntektbringande aktivitetar

Gjennom året har det vore iversatt ulike aktivitetar som gav inntekter til huset. Faste treffpunkt som Onsdagsmiddarar, Superlaurdagar (nytt tiltak for småbarnsfamiliar 1 gong pr mnd), tombolakafe i bakhagen, kyrkjekaffi på huset, kulturdag ilag med årsmøtet (19/3), ope hus og grautsal i høve julegata/øpningsfesten (26/11) gir viktige inntekter til huset. I samband med desse aktivitetane er det ofte sal av mat, lodd/tombola/årer. «Min Favoritt» konsert 21. desember kvart år, der frivillige songarar og musikarar stillar opp - gir også ei viktig og stor inntekt til huset.

## 12.5. Renovering av kyrkjelydshuset

Eindel renovering blei gjort i 2022 i samband med tilbygg for kyrkjekontor. Felles overbygg tak ved inngang både til kyrkjekontor og kyrkjelydshuset er blitt eit fint areal. Hovudingang kyrkjelydshus er totalrenovert med ny ytterdør, innvendig har også gangen fått nytt tak og belysning med sensor, veggmonterte varmomnar, vegg mot garderoba er kledd igjen (spilevegg) då garderoba er blitt møterom/lunchrom til kyrkjekontoret. Også ny belysning vidare opp trappa og i gang 2. etg.

For skalsikring og brannsikring av huset er dei fleste dørene skifta og nytt digitalt låsesystem, slik at ikkje «heile bygda» har nøkkel/tilgang til huset (noko som har vore ei utfordring). No kan soknet som eigar av huset ha kontroll på kven som brukar huset, og dei faste leigetakarane har fått tilgang med eige adgangskort.




Offentlege bygg skal ha nødlys og brannsikring, noko kyrkjelydshuset no har fått på plass, med ny brannalarmsentral (same som i kyrkja). I høve brannsikringsarbeidet måtte nokre vinduer skiftast ut (i enkelte trappopp ganger, lite møterom 2. etg., og i salen 1. etg. og storesal 2. etg. I salane har nokre av viduene vore i så dårleg forfatning at dei har vore spikra igjen, slik at ingen skulle opne glasa som kunne ramle ut på gata.

Ventilasjonsanlegget for det nye kyrkjekontoret, er plassert i eige teknisk rom ved sida av stollageret i 2. etg. Også korset ute på vegg har fått belysning, då korset måtte flyttast på i høve tilbygget.

**Nytt golv og lydtett skillevegg:** I høve innsamla midlar som kyrkjelyden bidreg med, kan vi vidareutvikle huset. Noko av desse midlane i tillegg til midlar frå disposisjonsfond, er brukt til å legge nytt golv i salane i 2. etg. og til ny lydtett skillevegg mellom desse to salane. Eit løft for huset og til inspirasjon for vidare arbeid!

Vi takkar alle som støttar huset på ulikt vis, for godt samspel og kyrkjelydsutvikling i praksis!



*Endeleg fekk vi alt under eitt tak. 3 som ventar på snorklippinga opningsdagen. Foto: Hareid sokn*



**KYRKJELYDSHUSET, EIN MØTEPlass OPE FOR ALLE:** Huset brukast aktivt gjennom heile året. Her frå internasjonalt middag hausten 2022. Foto: Hareid sokn

## 12.6. Gjevarteneste

### Vil du vere med å støtte kyrkjelydshuset?

Gjevartenesta gir viktige tiltrengte midlar til huset. Desse midlane er øyremarka kyrkjelydshuset. Nokre gir månadlege beløp og andre gir større eingongsbeløp. I 2022 hadde vi 25 gjevarar som tilsaman gav kr 87.650 ( 2021: kr 109.000). Vi er svært takksam for dei som er med på laget og støttar kyrkjelydshuset, og vi skulle gjerne hatt endå fleire gjevarar - slik at vi kan fortsette å vidareutvikle huset.

**Vi er takksam for alle gåver til kyrkjelydshuset:**

**VIPPS 525936**

**Bankkontonr: 4213.40.96311**

**(nytt kontonr. men det gamle fungerer og)**

**Ta gjerne kontakt med oss: Telefon 70095130**

**Epost: [kyrkjekontoret@hareid.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@hareid.kommune.no)**

Ta kontakt med kyrkjekontoret 70095130, epost: [kyrkjekontoret@hareid.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@hareid.kommune.no), eller opprett fast trekk i din nettbank. Bruk kontonr. 4213.40.96311, evt vipps 525936 Hareid kyrkjelydshus. Midlane øyremerkast kyrkjelydshuset. Årleg gåve over kr 500 gir rett til skattefrådrag, då treng vi ditt fødselsnummer. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg.



**FELLESSKAP:** Matlaging på kjøkkenet i trusopplæringa, og tombolakafe i bakhagen for bygda, er populært. Foto: Hareid sokn



## 12.7. Bilder frå bygginga av nytt kyrjekontor

Grave/byggeprosessen starta i januar 2022 og soknet tok over kontorlokala den 11.11.2022.



Foto: Hareid sokn

# 13. Økonomi: Rekneskap og budsjett

## Økonomiske oversikter

	Rekneskap 2022	Reg. budsjett 2022	Oppr.budsjett 2022	Regnskap 2021
<b>Bevilgningsoversikt - drift (regnskap) 1A</b>				
				-3 980
1 Rammetilskudd	-4 191 927	-4 478 114	-4 478 114	927
2 Tilskot gaver frå andre	-447 546	-372 000	-462 500	-421 807
3 Gaver insamla til eige virke	-69 286	-123 500	-123 500	-126 168
4 Andre generelle driftsinntekter	-813 265	-691 500	-691 500	-827 766
Kakulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-212 000	-212 000	-212 000	-212 000
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-5 734 024</b>	<b>-5 877 114</b>	<b>-5 967 614</b>	<b>668</b>
				<b>5 542</b>
<b>6 Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>5 528 166</b>	<b>6 294 573</b>	<b>6 125 073</b>	<b>596</b>
7 Avskrivninger	107 366	74 000	74 000	76 506
				<b>5 619</b>
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>	<b>5 635 532</b>	<b>6 368 573</b>	<b>6 199 073</b>	<b>102</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>	<b>-98 492</b>	<b>491 459</b>	<b>231 459</b>	<b>50 434</b>
10 Renteinntekter	-34 022	0	0	0
11 Utbytter	0	0	0	0
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
13 Renteutgifter	743	2 500	2 500	2 688
14 Avdrag på lån	25 000	25 000	25 000	25 000
<b>15 Netto finansutgifter</b>	<b>-8 279</b>	<b>27 500</b>	<b>27 500</b>	<b>27 688</b>
16 Motpost avskrivninger	-107 366	-74 000	-74 000	-76 506
<b>17 Netto driftsresultat</b>	<b>-214 137</b>	<b>444 959</b>	<b>184 959</b>	<b>1 616</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				362 685
18 Overføring til investering	32 452	40 000	40 000	0
19 Avsetninger til bundne driftsfond	392 286	93 033	93 033	234 452
20 Bruk av bundne driftsfond	-74 055	-334 992	-184 992	-170 622
21 Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	-362 685
22 Bruk av disposisjonsfond	-287 008	-308 446	-133 000	0
23 Dekning av tidligere års merforbruk	65 446	65 446	0	0
<b>24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>129 121</b>	<b>-444 959</b>	<b>-184 959</b>	<b>63 830</b>
25 Fremført til inndecking i senere år (mindreforbruk)	-85 015	0	0	65 446



**Uttale mindreforbruket:** Rekneskapen viser både meirinntekter og meirutgifter utover budsjettvedtaket. Mest utslagsgivende er differanse B2022 og R2022 på festeavgifta.

## Regnskapsskjema 1B - Driftsregnskapet

### Vedlegg til 1A

#### Netto driftsutgifter pr Ansvar

	Regnskap 2022	Regulert budsjett 2022	Regnskap 2021
KYRKJELEG ADMINISTRASJON	1 909 586	1 732 962	1 718 141
KYRKJA	1 295 504	1 362 560	1 157 193
KYRKJEGARD	216 759	463 652	437 878
KYRKJELEG UNDERVISNING	502 987	699 726	521 070
TRUSOPPLÆRING	464 974	424 569	482 494
KYRKJEMUSIKALSK ARBEID	84 723	77 029	94 040
UNGDOMSARBEIDAR	141 755	109 047	102 865
HAREID FRIVILLIGSENTRAL	588 898	840 731	745 715
BRUKTBUTIKKEN	-79 997	-5 500	51 839
KYRKJELYDSHUS	402 977	589 796	231 362
<b>Netto for Ansvar</b>	<b>5 528 166</b>	<b>6 294 573</b>	<b>5 542 596</b>

## Balanserekneskapen

### Hareid sokn 2022

BALANSE	Regnskap 2022	Regnskap 2021
<b>EIENDELER:</b>		
<b>A - Anleggsmidler</b>		
Faste eiendommer og anlegg	1 304 152	1 411 518
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	4
Utlån	0	0
Aksjer og andeler	209 753	192 189
<b>B - Omløpsmidler</b>		
Kortsiktige fordringer	538 028	295 794
Aksjer og andeler	0	0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, bankinnskudd	3 240 501	2 926 560
<b>C - SUM EIENDELER:</b>	<b>5 292 438</b>	<b>4 826 066</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD:</b>		
<b>D - Egenkapital</b>		
Disposisjonsfond	729 601	1 016 609
Bundne driftsfond	1 645 502	1 327 271
Ubundne investeringsfond	0	0



Bundne investeringsfond	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	85 015	0
Regnskapsmessig merforbruk	0	-65 446
Udisponert i investeringsregnskapet	0	-14 888
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Kapitalkonto	1 501 409	1 566 211
<b>Gjeld</b>		
<b>E - Langsiktig gjeld</b>		
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	12 500	37 500
<b>F - Kortsiktig gjeld</b>		
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	1 318 411	958 809
<b>G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:</b>	<b>5 292 438</b>	<b>4 826 065</b>
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	0	0

## 14. Kommunikasjon & kontakt

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggjarane i Hareid kommune. Vi ønskjer å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, samt nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsnyttige arbeid.

Vi har eit god samarbeid med Hareid kommune og ordførar er kommunen sin representant i Hareid kyrkjelege fellesråd. Dette er med på å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss viktig kontakt. Gjennom ein samarbeidsavtale med kommunen får Hareid sokn føreseielege rammer for arbeidet og det er viktig med eit godt samarbeidsklima. Gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, lønsutbetaling og tilknytt personaladministrative rutinar for dei tilsette, porto, IKT, reinhald og tenester knytt til gravearbeid på kyrkjegarden i høve ferietid/sjukdom.

### 14.1. Kyrkjesida i lokalavisa

Annakvar veke leverer Hareid sokn materiale til "Kyrkjesida" i lokalavisa Vikebladet Vestposten, der ein når fram til mange husstandar. Dette er eit samarbeid med avisa og med Ulstein sokn som og leverer annakvar veke, ei verdifull ordning for å informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved høve.





### **STABEN I HAREID**

**SOKN:** Bak frå venstre: Lars (sokneprest), Barbro (kyrkjelydspedagog), Heidi Pedersen Kvalsvik (leiar Frivilligsentralen), Eli- Sølvi Jønsson (sekretær). Forran frå venstre: Ida Teige (kantor/organist), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjeverje) og Anton Tonev (kyrkjetenar/gardsarbeidar).  
Foto: Erlend Friestad

## 14.2. Heimeside og sosiale media

Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følge med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast ut i brevsform eller per epost. Hareid sokn har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral) og bruktbuikken (Gjenbruk – Brukt & Billig). Hareid kyrkje er også på Instagram (Hareid kyrkje) for å nå endå fleire av dei yngste.

**SYMBOLER:** Grafisk dekorelement med meiningssinnhald. Den norske kyrkja sitt nye mønster er eit dekorelement som bidreg til gjenkjenning og identitet. Illustrasjon: DnK



Kontaktinformasjon:

**Hareid sokn**  
Bedehusgata 17, postboks 48, 6069 Hareid  
Tlf. 700 95130  
Epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no  
Heimeside: hareid.kyrkja.no - Facebook: Hareid kyrkje - Instagram: Hareid kyrkje